



I mange år var dampskipskaiane i Beinavikjo og på Sanden viktige trafikknutepunkt i bygda Uskedalen. Rutebåtane til HSD er forlengst borte frå fjordane men ein og annan veteranbåt finn framleis vegen oppom Sandakaien.

På dampskipskaiane hang det og skilt med namnet og HS-logo som synte namnet på staden. Desse skilta har no fått sin renessanse på T-skjorter og kaffekrus. Uskedal har i sommar vore eitt av det mest populære namna på T-skjortene.

No er namna og kome på krus som truleg vil bli populære frå no og fram til jul. Det er www.ferjekiosken.no i Eikelandssosen som står bak dette populære tiltaket.

Tekst, foto og nett: Harald Sætre